

Sluttrapportering SMIL - Reparasjon kisteveit

Til Modalen kommune

Frå Ann-Jorunn Farestveit

Viser til vedtaksdato 07.07.2020

Bakgrunn:

Ei kisteveit var kollapsa over ca 10 meter. Her var det trong for å grave opp og mura på nytt.

Arbeidet som er gjort:

Arbeidet starta seinare enn planlagt. 5 april 2022 vart veita opna.



-Her ser ein delar av muren som var kollapsa.



-Her er heile grøfta opna.



-22 april 2022. Arbeidet med muren er stort sett ferdig. Det meste av steinen kunne brukast omatt. Noko ny passende stein er funne i nærområdet og køyrt til.



-27 april 2022. Her er hellene lagt på toppen. Dei er lyfta på plass med traktor og tilpassa med spett.

Grøfta fungerer no slik den skal.

Slik vart det liggande nokre månader. Våren 2023 vart hol og sprekkar fylt med mindre stein og jorda lagt på igjen.



-Området er no isådd og arbeidet er ferdig.

Arbeidet er utført av Artur Farestveit med litt hjelp frå underteikna
Kostnad: 24150 eks mva.

Vedlagt ligg faktura frå Artur Farestveit, samt kvittering.

